

Boston AS  
Postboks 537  
4291 KOPERVIK**VEDLEGG:**  
Dato: 11.12.2015  
Vår ref.: 2015/4452-14  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

## Boston AS org nr 952003488 - Konesjon for opptak av skjelsand i Bømlo kommune

Konesjons nr. 121904.

Vi viser til Dykkar søknad om konesjon for opptak av skjelsand av 03.03.2015.

I medhald av lov av 21. juni 1963 nr 12 om utforsking og utnytting av andre undersjøiske naturførekomstar enn petroleumsførekomstar §2, samt delegasjon av myndigheit til å tildele konesjonar i brev frå dåverande Nærings- og energidepartementet datert 29.03.1993, og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland i møte 11.11.2015, sak PS 172/2015, får Boston AS konesjon for opptak av skjelsand frå dei to områda "Nordøyane" og "Utfatet sør" i Bømlo kommune på følgjande vilkår.

### Konesjonsvilkår:

1.

Konesjonsområda framgår av tabellen nedanfor. Konesjonsområda er avgrensa av hjørnepunkt A, B, C, .... Hjørnepunkta er oppgitt i EUREF89/WGS84 UTM 32 koordinatar. Konesjonsområda er også vist på vedlagte oversikts- og detaljkart.

Konesjonsområde		Hjørnepunkt i EUREF89/WGS84 UTM 32		
Nr	Namn	Bokstav	x (aust) koordinat	y (nord) koordinat
12190401	Nordøyane	A	280083	6614510
		B	280485	6614490
		C	280394	6614000
		D	280139	6614010
12190403	Utfatet sør	A	281672	6610946
		B	281755	6610845
		C	281393	6610454
		D	281335	6610590

2.

Konesjonen gjeld fram til 20.03.2020.

Konesjonen gjev ikkje høve til opptak av massar på mindre enn fem meters djup ved normalt lågvatn.

Konesjonen gjeld for opptak av til saman inntil 18 000 kubikkmeter (m3) massar per år og vert fordelt slik på dei to områda:

- Nordøyane (12190401): 10 000 m3/år.
- Utfatet sør (12190403): 8 000 m3/år.

## 3.

Før det eventuelt kan takast opp massar frå området Utfatet sør, må fylkeskommunen ha motteke kopi frå Boston AS av løyve til tiltaket frå høvesvis Bergens Sjøfartsmuseum etter kulturminnelova, (jf. §§ 9 og 14), og frå Karmsund Interkommunale Havnevesen etter hamne- og farvasslova § 27. Kopi av løyva skal også oppbevarast saman med konsesjonsdokumenta ombord i opptaksfartøy.

## 4.

For å unngå uroing av sjøfugl i den sårbare myteperioden vert det ikkje tillate med opptak av skjelsand i området Nordøyane i perioden 15. juli til 15. september.

## 5.

Ved opptak av skjelsand frå området Nordøyane må skjelsandopptakar vere spesielt merksam på det automatisk freda kulturminnet ved Hespriholmen, og forvise seg om at skjelsandopptak ikkje skjer utanfor konsesjonsområdet.

## 6.

Opptak av massar skal skje på ein slik måte at det ikkje blir til hinder eller ulempe for ferdsel på sjøen, det alminnelege fiske, fugle- eller friluftslivet i området. Spesielt skal det sjåast til at verksemda ikkje skadar fisk som står i merdar eller som er sett i lås.

## 7.

Dersom opptaksområdet grensar mot viktige gyte- og oppvekstområde for villfisk eller område med spesielle naturvern- eller friluftstinteresser som f.eks. sjøfuglreservat, havstrand- eller våtmarksområde, skal det utvisast særlege omsyn under drifta.

## 8.

Når arbeidet går føre seg skal området vere forsvarleg merka. Det må ikkje strekkjast fortøyingar til land slik at lokalledar vert stengd.

## 9.

Ved opptaket skal det unngåast at det vert danna steile skråningar med fare for utgliding/utrasing av strandmassar, kunstige marbakkar eller djupe hol. Konsesjonshavar tek på seg å føre kontroll med at utrasing ikkje skjer.

## 10.

Dersom opptaket likevel skulle føre til teikn på utgliding/utrasing eller annan vesentleg skade påført naturen eller faste innretningar, skal opptaket opphøyre straks og fylkeskommunen kontaktast omgåande.

## 11.

Eventuelt erstatningsansvar som følgje av tiltaket fell på søkjaren.

## 12.

Det skal sjåast til at verksemda ikkje skadar undersjøiske kablar eller andre undersjøiske installasjonar. Opptak skal ikkje under nokon omstende skje på mindre avstand frå desse enn 100 meter.

## 13.

For masse oppteken på statens grunn skal det betalast ei årleg avgift til fylkeskommunen. Betalinga skal finne stad innan 31. januar det etterfølgjande år. Konsesjonshavaren skal sjå til at det vert ført nøyaktig oversikt over oppteken mengde, slik at rett avgift kan bereknast.

Dersom produksjonsavgifta ikkje vert betalt kan konsesjonen trekkjast tilbake. Nytt opptaksløyve kan i så fall ikkje påreknast gitt før det skuldige beløpet er betalt.

## 14.

Årlege oppgaver over oppteken mengde og dei opptekne massane sin kvalitet skal meddelast fylkeskommunen seinast 31. januar det etterfølgjande år. Melding skal sendast til fylkeskommunen sjølv om

det ikkje har føregått opptak året før. Likeeins skal fylkeskommunen underrettast når verksemda vert nedlagt for godt.

15.

Representantar for fylkeskommunen eller andre inspektørar med fullmakt frå fylkeskommunen skal til ei kvar tid ha tilgang til området for å sjå til at arbeidet føregår i samsvar med konsesjonen og at det vert ført nøyaktig oversikt over opptaket. Ved brot på vilkåra underrettar inspektørane fylkeskommunen, som avgjer om konsesjonen skal inndragast.

16.

Vert det under opptaket oppdaga kulturminne som keramikk eller andre lausfunn, skipsdelar, vrak og anna, skal verksemda mellombels stansast og fylkeskommunen skal underrettast om funnet. Verksemda må ikkje skade eller øydeleggje slike funn, jf lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

17.

Meddelt konsesjon gjeld for perioden fastsett i konsesjonsvilkår pkt 2 (over) med mindre forhold som ein på meddelingstidspunktet ikkje har oversikt over eller som er skildra i ovan nemnde postar gjer at fylkeskommunen finn å måtte stoppe drifta tidlegare. Det er høve til å søkje om forlenging av konsesjonen. Slik søknad må vere innkomen til fylkeskommunen seinast 6 månader før konsesjonen går ut.

18.

Ved eventuelt vilkårsbrot kan fylkeskommunen trekkje konsesjonen tilbake.

19.

Dersom det vert teke opp skjelsand, sand eller grus utan at løyve er gitt, vil forholdet vere straffbart i forhold til straffelova § 332. Slike brot kan meldast på ordinær måte til påtalemyndet.

20.

Ved nedlegging pliktar konsesjonshavar å fjerne anlegget.

### **Merknader**

Fylkeskommunen har avtale med Kystvakta om oppsyn og kontroll med skjelsandopptak i Hordaland. Fylkeskommunen har også tilgang til AIS posisjons- og sporingsdata til fartøy.

I konsesjonssøknaden er det opplyst om at Boston AS skal nytte fartøyet MS Sandstrand til skjelsandopptak, og at skjelsandopptak skal skje med sugestyr.

Kopi av konsesjonsdokument med kart over konsesjonsområda, samt protokoll for føring av last skal finnast ombord i opptaksfartøyet slik at inspektørar til ei kvar tid kan kontrollere at opptaket skjer i samsvar med konsesjonen.

Gudrun Mathisen  
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*


### **Vedlegg:**

- Oversikts- og detaljkart over konsesjonsområda.
- Skjema for utfylling av årsoppgåve over skjelsandopptak
- Skjema for føring av last (opptaksprotokoll).


# Skjelsandkonsesjon nr 121904, Bømlo Boston AS



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**




Målestokk: 1:100 000  
Rutenett: EUREF89 UTM32




**Teiknforklaring**  
Boston AS

Bakgrunnskart: Statens kartverk


# Skjelsandkonsesjon nr 121904, Bømlo Boston AS



# Skjelsandkonsesjon nr 121904, Bømlo Boston AS



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



Målestokk: 1:7500

Rutenett: EUREF89 UTM32

**Teiknforklaring**  
Boston AS

Bakgrunnskart: Statens kartverk

## ÅRSOPPGÅVE OVER SKJELSANDOPPTAK

Ref. (oppført på konsesjonsdokument/brev) \_\_\_\_\_

Konsesjonshavar \_\_\_\_\_

Adresse \_\_\_\_\_ Poststad \_\_\_\_\_

Opptaksår \_\_\_\_\_ Foretaksnr./Fødselsnr. \_\_\_\_\_

Område (nr)	Område (namn)	Oppteken mengde*)
		hl
		hl
		hl
		hl
		hl
		hl
		hl
		hl
<b>Sum</b>		<b>hl</b>

\*) Oppteken mengde totalt (hektoliter), medrekna den mengda evt. andre har teke opp.

Opptatt mengd av andre på min/vår konsesjon \_\_\_\_\_ (hl) (evt. vedlegg) \_\_\_\_\_

Namn på den dette gjeld \_\_\_\_\_

Skjelsanden er brukt til	hl
Jordbruk	
Industri	
Fyllmasse (spesifiser formål)	
Anna	
Sum	

Kvalitet på skjelsanden \_\_\_\_\_

Andre opplysningar \_\_\_\_\_

Er oppteken mengde skjelsand omsett? \_\_\_\_\_

Kunne De ha omsett meir? (ja/nei) \_\_\_\_\_ Kor mykje meir? \_\_\_\_\_

Kva er årsaka til at konsesjonen eventuelt ikkje (eller berre delvis) er nytta ?

\_\_\_\_\_

Stad:

Dato:

Underskrift:

Vedlegg:

**Protokoll for skjelsandopptak i Hordaland**

**År:** .....

Konsesjons nr:.....Konsesjonshavar (namn):.....

Område nr	Namn	Dato	Klokkeslett	Mengde (hl)	Leveringsstad	Merknad (Fartøy, bruksformål, anna):

Dato \_\_\_\_\_ Sign \_\_\_\_\_

Protokollen skal først for kvar einskild båtlast med skjelsand og leggjast ved årleg rapport til fylkeskommunen over opptak. Opptaket skal først med kulepenn i protokollen straks båten er opplasta.